



Ikkje minst vertskapet hadde lagt stor fantasi for dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Karnevalet i Rio starta for ei veke sidan og vart avslutta tysdag. Såleis var karnevalet på Vonheim laurdag ettermiddag litt bakpå med omsyn til tidspunktet . Til gjengjeld hadde uskedalingane lagt stor fantasi for dagen med kostymeringa!



Fugleperspektiv på karnevalet i Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det galdt ikkje minst dei som hadde ideen og var vertskap for karnevalet: Anne Grethe Sjo stod fram som nonne og Ingunn Myklebust som cowgirl!  
Og blant dei 22 ungane som boltra i lokalet såg vi, berre for å nemna i fleng, både sjørøvarar, supermenn, spøkelsar, heksar og indianarar.



Vi møtte minst ein supermann. (Foto: Ola Matti Mathisen)


Karnevalet hadde eit dobbelt siktemål: Ein femtilapp for kvar av dei unge sikra rundt rekna ein tusenlapp til Vonheim. Og dei unge hadde to svært kjekke timar saman og med foreldra.



Det gjekk friskt for seg på Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje berre fekk dei leika seg og ta seg ut for andre, dei opplevde også rikeleg servering og ei overrasking som hang oppunder taket.

Så det blir nok karneval på Vonheim neste år også. No er det halde to gongar og har dermed vorte ein tradisjon.



Stilig mor og dotter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Av Ola Matti Mathisen